



JOSTEDALEN BREFØRARLAG AS

www.bfl.no



13. oktober 2011

NVE

Konsesjonsavdelinga v/Marthe C. Pramli

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

nve@nve.no

SAK:

FRÅSEGN TIL SØKNAD OM KONSESJON FOR OVERFØRING AV VESTSIDE-ELVANE I JOSTEDALEN OG HEVING AV DAM TUNSBERGDALLEN

Jostedalen Breførarlag er ei naturbasert aktivitetsbedrift som i 25 år har drive med bre- og fjellføring samt opplæring på bre og klatrefjell. Jostedalsbreen Nasjonalpark (inkl. Nigardsbreen Naturreservat) og Jotunheimen Nasjonalpark er dei viktigaste bre- og fjellområda for drifta og aktiviteten vår. I sommarsesongen er det tilsett ca. 20 førarar og instruktørar i selskapet.

Meir info om Jostedalen Breførarlag og aktivitetane finn ein her: www.bfl.no

Selskapet har adresse Krundalen i Jostedalen og der eig og disponerer me ein tidlegare skulebygning - 'Bretun' med gardsnr. 209 og bnr. 4 i Luster Kommune - og denne blir brukt til innkvartering og overnatting for tur- og kursdeltakarar gjennom driftssesongen som varer frå primo mai til ultimo september. Meir detaljert info her:

<http://www.bfl.no/overnatting-jostedalen.html>

I tillegg blir og Bretun leigt ut til skular og grupper med eige aktivitetsopplegg, m.a. er ulike folkehøgskular årvisse leigetakarar av bygningen.

Jostedalen Breførarlag har i omlag 20 år hatt ein munnleg avtale med næraste nabo og grunneigar i Røykjedøla Lars Brun (eigar av naboeigedomen Snøtun) om å forsyne Bretun med drikkevatt. Dette skjer med ein fleire hundre meter lang plastslange som ligg langs elvebreidda av Røykjedøla, kryssar Krundøla like ved samløpet med Røykjedøla og vidare opp på baksida av Bretun til eksisterande drikkevasskum.

Postadr: Krundalen, N-6871 Jostedal

Tlf. 0047 57 68 31 11

E-post: post@bfl.no

Org. nr: 984 616 678

Bank: 3785.60.83765



JOSTEDALEN BREFØRARLAG AS

www.bfl.no



Inntaket i Røykjedøla ligg omlag på høgde 440 moh og her er det tilrettelagt med slange som fører vatnet frå elveløpet til magasinering i ei tønne plassert ved elvebreidda. Dette er eit heilt naudsynt tiltak då tilsiget av vatn til brønnen ved Bretun på andre sida av Krundøla tørkar opp i løpet av juni månad i eit normalår.

Sidan innslaget for bekkeinntaket i Røykjedøla for den konsesjonssøkte overføringa av Vestside-elvane er lagt på ca. 520 moh vil det bety at Jostedalens Breførarlag mister forsyninga av drikkevatt til kurslokalet vårt Bretun, noko som me er heilt avhengige av for å framleis kunne tilby eit kurs- og overnattingstilbod og som i tillegg er ein viktig del av Breførarlaget sitt totale aktivitetstilbod på bre og fjell.

Sidan Røykjedøla under inntakspunktet på omlag 520 moh i praksis blir tørrlagt vil Jostedalens Breførarlag krevje at Statkraft blir pålagt ansvaret for ei framtidig stabil og sikker vassforsyning ved ein ev. konsesjon for overføring av Røykjedøla, noko som i praksis vil bety ei tørrlegging av elveløpet der inntaket (ca. 440 moh) for drikkevassforsyninga til Bretun er lokalisert i dag.

Mvh,
Jostedalens Breførarlag
Steinar Bruheim (dagleg leiar)

Tlf. 57 68 31 11
www.bfl.no